



HORDALAND UNGDOMSLAG

1898 - 1973

Fylkesformenn i 25-års bolken.



Harald Bolstad.

Han er fødd 2. mai 1906 i Evanger og er tilsett ved Norges Statsbaner samstundes som han er bonde på Bolstad. Sjå elles omtale i 50 års skriftet.

Harald Bolstad kom med i styret for HU i 1936, vart formann i 1946 fram til 1952. Han var vidare med i styret til 1956 og gjorde eit stort arbeid i fylkeslaget.



Nils Liland.

Nils Liland fødd 7. sept. 1920, var frå Fana og kom tidleg med i Liland u. l. i Blomsterdalen, vart med i fylkesstyret og var fylkesformann i 1952. Han var bonde og mykje nytta i landbruksorganisasjonane i fylket, men døydde di-verre altfor tidleg i 1965.



Sigvald Eik.

Sigvald Eik, fødd 1. januar 1916 er frå Uskedalen og det tradisjonsrike Uskedal u. l. Han var med i fylkesstyret frå 1951 og var formann i 1953 og 1954. Eik er sterkt knytt til bonde- og bygdemiljøet og har gjort seg gjeldande på mange felt i Sunnhordland.



Eirik Moen,

er fødd 5. febr. 1912 og er frå Måndalen i Romsdal. Han kom til Bergen i 1948 som journalist og vart med i B. u. l. «Ervingen», der han var formann i to år. Han vart formann i Hordaland Ungdomslag i 1955, men reiste frå Bergen før året var ute. Varaformannen, Harald Bolstad overtok då som formann fram til årsmøtet i 1956. Erik Moen reiste tilbake til Romsdalen og vart skrivarskribent for Romsdalen Ungdomssamlag.



Aslaug Kvilekval Breivik,

er fødd 25. juni 1925. Ho kom til Bergen og arbeidde ved kontoret til Norges Statsbaner i mange år. Som medlem i bygdelaget Frvingen var ho svært aktiv og var formann i fleire år.

Ho vart formann i Hordaland Ungdomslag i 1959 etter å ha vore med i styret i to år. Ho var formann i 4 år fram til 1963. Dessutan har ho vore styremedlem og varaformann i Noregs Ungdomslag.



Bjørgulv Eik,

fødd 11. nov. 1932 er frå Uskedalen og bror til Sigvald Eik. Han er kjend som aktiv medlem og formann i Uskedalen u. l. og Uskedalen Musikklag. Han kom med i fylkestyret 1960 og var formann i 1963 og 1964.



Gustav Morken,

er fødd 4. august 1923 i Manger og er bror til Petter Morken, kom med i Manger Ungdomslag og seinare i Bondeungdomslaget i Bergen, frå 1958 i Ungdomslaget Solglytt i Meland. Han arbeider i Landbruksøkonomisk Institutt og er frå 1956 busett i Meland. Gustav Morken var fylkesteaterrådgjevar i 1962 og 1963, kom med i fylkesstyret 1964 og var formann i 1965 og 1966. Han var fylkesstudieiar i 1968 og 1969.



Anders Gjerstad,

er frå Lindås og er fødd 13. januar 1941. Han kom med i fylkesstyret i 1968, vart formann 1970 og er framleis formann i jubileumsåret 1973. Han er aktiv medlem i det tradisjonsrike ungdomslaget «Nybrot» på Hundvin i Lindås.



Bjarne Melve,

frå Voss er fødd 18. april 1938. Han har vore aktiv medlem i Voss Ungdomslag. Han var fylkesformann i 1967 og 1968, fylkesstudieiar i 1972. Han har også vore ei drivande kraft i Voss Folklore som er omtala på annan stad i dette skriftet.



Petter Morken.

Petter Morken er fødd 26. juni 1922 i Manger. Han kom med i Manger Ungdomslag straks han var konfirmert og vart vald inn i fylkesstyret i 1954. På årsmøtet i 1956 vart han vald til formann og hadde dette ombodet i tre år. Dessutan er amatørmusikken hans store hobby og han har vore med i Manger Musikklag frå 1935, siste 15 åra som dirigent. Han er kontorsjef i Radøy kommune.

Steinar Kyrkjebø,

var formann i styret i 1969. Han er fødd 24. desember 1942 i Flekke i Fjaler. I gymnastida i Bergen kom han med i BUL og har sidan vore aktiv der, både som styrelem og formann, i spellaget og som bladstyrar for lagsbladet. Han var fylkesstudieiar 1970/72 og er no med i styret for Kaffistova Løvstakken.